



Tysdagskafeen Tlaren i Gamleskulen har eksistert sidan i september 2007 og runda altså 5 år i fjor haust. Og 2012 vart eit nytt rekordår for kafeen som har vorte ein viktig sosial møteplass i tillegg til at den er ei viktig inntektskjelde for Uskedalen Utvikling.

Omsetnaden i fjor kom opp i imponerande 72 517 kroner etter å ha auka frå rundt rekna 65 000 året før og 48 000 i 2011. Og ettersom kafeen var ope 11 tysdagar i 2012 vert snittinntekta 1400 kroner.

Toppbesøk og toppomsetnad var det den siste tysdagen i juli med 70 vaksne og 30 born og sal for 2 760 kroner. Men dugnadsdamene tek atterhald om at dei truleg ikkje fekk med seg alle då dei rekna denne dagen.

Rekneskapsføraren opplysar at rundt rekna halve summen på 72 517 kan reknast som overskot.

Også i dag, første opningsdagen i 2013, har det vore stort innrykk, noko bileta viser.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

